



Sondre Myklebust var ein av dei ivrige deltakarane under rennet i Fjellhaugen. (Foto: Steinar Haugland).

Uskedelingane gjorde ein god innsats under karusellrennet i Fjellhaugen onsdagskvelden. Til dømes var Katrine Røssland den klart raskaste av dei 11 år gamle jentene, som gjekk ein kilometer, og Catrine Haugland gjekk fortast av damene på tre-kilometeren.

Katrine var 14 sekunder raskare enn ho som tok andrelassen av 11-åringane.

I denne klassa kom Kari Bråthun på fjerdelassen.

Ingebjørg Haugland vart nummer tre i 12-årsklassa, som gjekk to kilometer.

Cathrine (som går i klassa 31-35 år) gjekk tre-kilometeren 23 sekunder raskare enn ho som vann den kvinneklassa for dei yngre.

Tormod Myklebust gjekk 5-kilometeren i klasse 56-60 år på 18.02 medan Kurt Haugland vart femtemann i klassa 51-55 år på 19,27. Pål Haugland var den raskaste i klasse 61-65 år på 18.32.

Rennet hadde 140 deltakarar i nydeleg, men kaldt vinterver. Det var 11 grader under avviklinga.

For dei som var mellom seks og 12 år vil det vanka sekk og diplom i premie viss dei også blir med på rennet 18. mars.



Martin Hjelmeland Arnesen på startstreken. Bjarne Lillås er startar og Odd Steinar er klar til å følgja sonen. (Foto: Steinar Haugland)